

200801596-29
KI/EBTH

GRUNNEIGARANE VED SVARTEVATNA/RISASKARET
V/GEIR HOLE
6170 VARTDAL

Vartdal, 31.08.2010

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
Hovudkontor
Postboks 5091
Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref: 200801596-25 ki/ebth

FRÅSEGN TIL SØKNAD FRÅ VARTDAL VASSVERK LL OM Å ETABLERE HEIMSTE SVARTEVATNET SOM PERMANENT NAUDVASSKJELDE, SAMT OREIGNING KNYTT TIL DETTE. ØRSTA KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL.

Vi viser til vårt skriv av 24.02.2010.

I 2001 vart det lagt ei leidning med hevert i heimste Svartevatnet (er å forstå som vestligaste). Vinteren 2010 vart ei ny leidning m/hevert lagt i same vatn. I begge høva vart tiltaket utført utan at grunneigarane vart varsla. Arbeidet vart og utført før tiltaket vart søkt godkjendt.

I brev av 02.03.2010 gir NVE mellombels løyve til senking av heimste Svartevatnet med inntil 3 høgdemeter. NVE krev at røyra vert fjerna etterpå, eller det må søkjast om permanent etablering som naudvasskjelde. Lutlaget Vartdal Vassverk søkte 17.06.2010 NVE om løyve til å etablere nedre Svartevatnet som fast naudvasskjelde. 25.06.2010 vart søknaden utvida til å omfatte såkalla naudsynt oreigning. NVE la 05.07.2010 denne søknaden ut på høyring med utalefrist 01.09.2010. Grunneigarane fekk kjennskap til søknaden gjennom NVE si annonse i Sunnmørsposten, samt oversending frå NVE til leiar for grunneigarlaget som er under skiping.

Grunneigarane har i møte den 20.08.2010 vedteke at vi ikkje aksepterer den mellombelse vassleidninga frå Svartevatna liggjande som ei permanent naudvassforsyning, og at vi motset oss oreigning i den samanheng ,anten dette gjeld oreigning for areal til røyra eller vassrettar.

Grunneigarane meiner at føresetnadane for søknaden ikkje er til stades.

Området er ein del av eit inngrepsfritt område av nasjonal verdi. Vi meiner at dette også i framtida skal haldast inngrepsfritt, både av omsyn til noverande og framtidig ressursbruk i landbruket, samt og ikkje minst ålmenninteressene . Området er eit vakkert alpint høgfjellslandskap. Svartevatna ligg på Heidane som mellom anna utgjer hjartet i beiteområde for sau.

Inntil Svartevatna ligg Tverrfjellet mellom Hesteryggen og Maraftashornet. Her skrår sidene bratt ned mot vatna. Nedtapping vinterstid vil kunne medføre erosjon, noko som vil øydeleggje desse bratte, men sær gode beita. Det er i tillegg mangelfull kunnskap om desse vatna , om til dømes relasjonen mellom dei, -om djupn og topografi. Difor er det også svært usikkert kva ei slik nedtapping vil føre til. Vi fryktar erosjon også i dei turrlagde areala innmot Hesterygg/Tverrfjellområdet.

Sidan Svartevatna ikkje har tilførselselv, gyt auren i strandsona om hausten. Ei seinare turrlegging medfører at rogn døyr. Auren vil forsvinne i Svartevatna. Auren i Risaskarsvatna gyt i elva frå Svartevatna og i vasskanten i nærleiken av denne. Inngrep som påverkar vasstanden i elva vil også påverke auren i Risakarvatna. Elva er også viktig for dyra på Heidane. Helikoptertrafikk tilknytt lina er eit uro- og faremoment for dyrehaldet. Her er allereie dårleg erfaring i forhold til Tussa, som sist haust hadde helikoptertrafikk i området i sauesankingsperioden.

Området er mykje nytta til friluftsliv, og vatna ligg nær mykje nytta råser mellom ulike dalar og fjell, m.a. Skorgedalen der støylen vår ligg. Dette er landskap med kvalitetar som må ivaretakast for framtida. Lista skal ligge svært høgt for alle inngrep i slike område. Grunneigarane ynskjer ikkje at Vartdal Vassverk skal gjevast eigne rettar i dette høgfjellsområdet. Dette kan fort bli det som reier grunn for andre større utbyggingar i området.

Vi har og grunn til å tru at ei permanent naudløysing vil verte einstyndande med permanent bruk. Vi har dokumentasjon på at den såkalla naudløysinga 2001/2010, i motsetnad til slik det vert hevda i utgreiinga til søknad om konsesjon, har vore i drift i mellomliggande tidsrom. Ortofoto av heimste Svartevatnet som i dag ligg på nettet viser også nedsenka vasstand sommarstid.

Då vilkåra som var sett frå NVE i brev av 25.3.2008 til Tussa Energi ikkje har vorte oppfylgde, er det grunn til å tru at seinare vilkår heller ikkje vert fylgde. Nedtappinga i vinter medførte, trass i ein regnrik sommar, at Svartevatna ikkje var tilbake i normal vasstand så seint som i byrjinga av august. Kva tid nedtappinga eigentleg stogga i år er uvisst.

Den mellombelse løysinga til Vartdal Vassverk har også ført til at Tussa Energi har hatt auka tilsig til sitt magasin, og difor nytta vatnet i sin kraftproduksjon. Permanent line vil medføre at ei rekke tilhøve knytt til kraftproduksjon vert uavklara. Grunneigarane vil ikkje gje frå seg rettar til vatnet, som i neste omgang kan vere direkte knytt opp til kraftproduksjon. Oreigning av vassrettar og permanente inngrep vil medføre at vi lyt ta rettslege steg.

Situasjonen i vinter har samanhang med Tussa sin driftsmåte på Risaskaret. Tussa har eit særleg ansvar for å ikkje senke vasstanden slik at heimste Risaskarvatnet i turkeperiodar kjem under minste vasstand. Køyre Tussa for hardt i ein periode, skaper dette vanskar i turkeperiodar seinare. Tussa har ved igjenteke høve vist at dei her ikkje har kontroll, mellom anna sist vinter.

Når det heimste Risaskarvatnet er tappa ned til minste vasstand eller under, eller når det vert førd vatn over frå Svartevatna medfører dette at Tussa må køyre vatn til vassverket gjennom turbinrøyra. Dette kan medføre at Risaskarelva vert turrlegd. Tussa tener på denne situasjonen og vil og tene på at vassverket får legge ekstraline som må gå via dei same røyra og til kraftproduksjon. Tussa lyt såleis reknast som interessant i situasjonen, sjølv om dei formelt let som inkje. Ved å bryte krav og vilkår skaper dei i vintrar som siste, ein situasjonen som kan synast å gje ein slags legitimitet til ei permanent naudline. Vi fryktar i den samanhang også for vidare planar for turrlegging av Risaskarvatna frå Tussa si side.

Grunneigarane meiner vassverket har mykje vatn å spare ved å tette lekkasjar frå rør og anlegg. Der er store lekkasjar i eksisterande anlegg. Vassverket bør primært sikre dei anlegg dei har.

I 1980 vart det skriva ein avtale mellom Vartdal Vassverk og Vartdal Setjefiskanlegg om levering av ei viss vassmengd. I denne avtalen er det sett krav om vassmål. Styret har i denne perioden ikkje syrgja for vassmål, slik avtalen krev for Vartdal Setjefiskanlegg. Vartdal Vassverk har såleis ikkje kontroll med kor mykje vatn Vartdal Setjefiskanlegg eller andre storverksemdar brukar. Det er grunn til å tru at setjefiskproduksjonen i dag nyttar større mengder vatn enn det partane inngjekk avtale om.

Vartdal Vassverk har plikt til å levere vatn, men ikkje plikt å sikre Vartdal Setjefiskanlegg og andre verksemdar som nyttar store vassmengder, uavgrensa vekst utover eksisterande avtalar. Vartdal Setjefiskanlegg skal etter avtalen med vassverket ha eigne beredskapslager og strategiar ved ekstraordinære høve. Ved problem med vassforsyninga til bygda skal vanlege abonnentar prioriterast. Dette er nedfelt i avtalen Vartdal Vassverk har med setjefiskanlegget.

Vartdal Vassverk ville ved vassmål hjå storbrukarane sikra vassverket ein god økonomi til å ordne med lekkasjar i rør og anlegg, bygging av renseanlegg mm. Vartdal Vassverk har i mange år hatt krav frå Mattilsynet om renseanlegg utan at kravet har vorte innfridd.

Korkje ved dei såkalla mellombelse anleggsinngrepa i 2001 og 2010, eller i høve denne konsesjonssøknaden har Vartdal Vassverk teke kontakt med grunneigarane. Heller ikkje då vassbrønnen vart flytta lenger opp i Risaskarelva vart grunneigarane kontakta. Vartdal Vassverk har ved si framferd under noverande styre misst vår tillit ved å ignorere grunneigarane, og nytte vassverket som reiskap for eigne verksemdar. Slik vi har forstått oreigningslova, kan ikkje oreigning gjerast utan minnelege løysingar er prøvd fyrst.

I styret til Vartdal Vassverk sit eigarane av dei to største forbrukarane: Vartdal Setjefiskanlegg og Vartdal Plast, samt ein tilsett i sistnemnde verksemd. Styret har i mange år, truleg 10-15 år, sete utan årsmøte. Lutlaget Vartdal Vassverk har difor ikkje lenger eit loveleg valt styre. Det er dette "styret", og ikkje årsmøtet i Vartdal Vassverk, som har søkt NVE om å ta frå oss rettane våre i Svartevatnet. Vi stiller spørsmål ved legitimiteten til leiinga i Vartdal Vassverk og difor også til legitimiteten til denne søknaden.

Denne søknaden om å take vatn frå urøyvde fjellvatn er eit døme på korleis styret i vassverket i ålmentas og vassverket sitt namn tek seg føre av ålmenta og grunneigarane sine ressursar for å skape eiga fortjeneste.


Alle på Vartdal som nyttar vassverket, og som såleis er partseigarar i lutlaget, har drege nytte av dei låge vassavgiftene. Dette er ei nytte med slagside: Vassverket har ikkje dei ressursar dei treng, m.a. til renseanlegg. Størst nytte har storforbrukarane (verksemdene til styret), som ikkje berre har låge avgifter, men som betalar for bruk tilsvarande så og så mange partar og vidare har fri bruk av store kvanta, -og her snakkar vi om **verkelege storforbrukarar** av vatn.


Grunneigarane til Svartevatna finn ikkje å ha plikt til å gje frå seg sine vassrettar under slike omstende. Mellom oss er etterkomarane av grunneigararne som i 1958 gav vassverket, med visse avgrensingar rett til å ta vatn frå Risaskarelva nedanfor Fosshola .


Vartdal Vassverk er tent med å ordne opp i dei interne tilhøva, samt rydde i usunne relasjonar til verksemdar og til Tussa, samt å sikre det vatn og dei anlegg Vassverket har løyve til/ansvar for. Alle partar er for framtida tent med at vi har ein ryddig praksis. " Permanente naud" løysingar i urøyvde fjellvatn i inngrepsfrie område av nasjonal verdi kan ikkje akseptrast.

Vi vil ta atterhald om rett til å kome med tilleggsinformasjon innan kort tid. Vi tenkjer her spesielt på å få vurdert dei juridiske sidene ved saka.

For grunneigarane.


Geir Hole
Grunneigar


Øyunn Kleiva
Grunneigar


Anne Britt Aarset
Grunneigar


Bjørn Sævik
Grunneigar

Gjenpart:
Ørsta Kommune, Rådhuset, 6150 Ørsta
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde